



MØTEREFERAT

Prosjekt: 257000 Kulturhus og basseng			<i>Møtetype</i> Kommunestyrets referansegruppe – KR-03	
<i>Møtedato</i> 19.01.2017	<i>-tid</i> 10:00-11:00	<i>-stad</i> Kommunehuset	<i>Referent</i> Jon-Gunnar Gjelberg	<i>Ref. dato</i> 24.01.2017

<i>Avdeling</i>	<i>Deltakar</i>	<i>Fork</i>	<i>Tils.</i>	<i>Kopi</i>	<i>Innkallast neste møte</i>
Ordførar	Bernhard Riksfjord	BR	X	X	X
Leiar Livsløp	Atle Ræstad	AR	X	X	X
Politikar	Heidi Løklingholm	HL	X	X	X
Leder/hovedtillitsvalt Fagforbundet Aukra	Elin Synnøve Engdal	EE		X	X
Rådmann	Ingrid Husøy Rimstad	IHR		X	X
Kommunalsjef drift- og forvaltning	Jan Erik Hovdenak	JEH	X	X	X
Kommunalsjef plan og utvikling	Geir Gøncz	GG	X	X	X
Utbyggingsavdeling	Terje Urdshals	*PA	X	X	X
	Jon-Gunnar Gjelberg	*PL	X	X	X
Kulturavdelinga	Anne Jorunn Sandøy	*BK	X	X	X

Opplysningar - info

I feltet over deltakarar det nokre forkortingar med *:

BK: Brukarkoordinator

PA: Prosjektansvarleg

PL: Prosjektleiar

PM: Prosjektmedarbeidar

Sak	Tekst	Ansv.	Frist
KR-03.0	GODKJENNING AV REFERAT FRÅ MØTE NR. 1		
	<p>Ingen merknadar på referatet frå møte nr. 2.</p> <p>Det var eit ynskje at agenda og saksdokument blei sendt i forkant av møtet. Det blei dessverre ikkje gjort. Saka skal innom Livsløpsutvalet og blei dermed utsatt til kommunestyremøtet i mars 2017. Rådmannen ville difor bruke tida til å utgreie prosjektet ytterligare før dokument blir sendt ut.</p>	Info	
KR-03.1	ALTERNATIVE LØYSINGAR		
	<p>Etter at rådmannen orienterte kommunestyret som status og vidare framdrift i september 2016 har prosjektorganisasjonen arbeida vidare med dei fire alternativa:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Folkebad (12,5m) og erstatning for Soltun 2. Folkebad (12,5m) og erstatning for Sotun, frivilligsentral, og kulturskole. 3. Folkebad jfr. oppstartsvedtaket (nov 2013) erstatning for Soltun, frivilligsentral og kulturskule 4. Som alternativ 3, men med sambruk skule/kulturskule. <p>Rådmannen har også sett på eit alternativ med 25m basseng med 6 banar. Dette er omtalt nærare pkt. KR-03.3 BASSENG/FOLKEBAD.</p>		
KR-03.2	KULTURHUS		
	<p><u>Sambruk med skulen</u></p> <p>Vurderinga som var gjort i høve til sambruk av lokalar for kulturskulen i Gossen barne- og ungdomsskule viser at potensialet for reduserte drifts- og investeringskostnadar er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • ca. 13,5 mill. (brutto) for redusert investeringskostnad • ca. 200 000,- i redusert FDV-kostnadar <p>Rådmannen meiner det likevel ikkje er ei god løysing å flytte så stor del av aktiviteten som høyringa bad om respons på. Skulen må byggast om med mellom anna fleire lager. Mykje av sambruken av lokalar som er tenkt i kulturhuset blir da flytta til skulen. Rådmannen vil difor behalde mykje av konseptet frå 2013 og tilrådinga for kulturhusdelen blir da i hovudsak som tidlegare romprogram viser. Dvs. jamfør oppstartsvedtaket i 2013 (sjå vedlegg til ref. frå møte nr. 1)</p>		

Sak	Tekst	Ansv.	Frist
KR-03.3	BASSENG/FOLKEBAD		
	<p>Rådmannen rår til at det i planprosessen vidare blir lagt til grunn eit basseng på 9,5x16,67m slik som i oppstartsvedtaket. Alternativet med 16,67 meter lengde vil tilfredstille kravet til obligatorisk svømmeopplæring.</p> <p>Parallelt kan det utgreiast og innhentast ein opsjon på eit alternativt basseng på 9,5 x 25 , med fire eller 6 banar, og om dette kan gjennomførast med tilnærma same investeringskostnad. Dette blir sjekka ut fordi basseng med 25 meter lengde (Sportsbasseng) vil gje høgare tilskott frå tippemidlar, 17/21(!) mill. kr mot 4,5 mill. kr (gjeld12,5m lengde) Endeleg val av bassenglengde vil være avhengig av kostnadsbiletet for bygging og drift for alternativa.</p> <p>I tillegg eit terapi/opplæringsbasseng basseng på 10 meter (Eller 12,5) x 7 meter.</p> <p>Barnebasseng for små barn på 35 m2.</p> <p>Stup: 1 meter svikt og fast tårn 3 meter.</p> <p>Evt. ei lita sklie.</p> <p>Rådmannen vil difor i framlegg til vedtak ta med eit punkt nr. 2 der kommunestyret kan be om at det parallelt blir utgreidd og innhenta opsjon på alternativt basseng på 9,5 x 25. Dette fordi alternativ lengde ikkje var med i oppstartsvedtaket frå 2013.</p> <p>For begge bassenga skal det utgreiast heve/senke botn for å oppnå betre brukbarheit og driftsøkonomi. (Små born/elevar kan da bruke anlegget og med lågare personalresurs)</p> <p>Hovudmålet er eit opplærings- og sportsanlegg med folkebad/ terapi-og barnebasseng, ikkje eit badeland.</p> <p>(Moldebadet er eit badeland som er 1883 m2 (vårt 938m2 som vedtatt) stort med kapasitet på 500 personar. Anlegget har i tillegg til eit 25m basseng med 6 banar to familiebasseng på 5,4 x 19 meter og 9,5 x 20 meter med strøminingskanal, fontene, klatrevegg, ei 72 meter lang familiesklie og ei 67 meter lang spiralsklie. Stup: Svikt 1 meter og 3 meter og fast tårn 5 meter.)</p>	Info	
KR-03.4	INVESTERINGS- OG DRIFTSKOSTNADAR		
	<p>På møtet blei to alternativ lagt fram:</p> <p>1 – Folkebad 16.67 meter jfr. oppstartsvedtak, Kulturhus i samsvar med oppstartsvedtaket i 2013 med kulturskole, bibliotek, frivillig sentral og erstatning for Soltun.</p>		

Sak	Tekst	Ansv.	Frist
	<p>Brutto prosjektkostnad (ca) Kr. 194 500 000,- Netto prosjektkostnad (ca) Kr. 131 400 000,-</p> <p>Driftskostnad: 2 550 000,- pr. år.</p> <p>2 – Folkebad alternativ 25 meter og elles jfr. oppstartsvedtak. Kulturhus i samsvar med oppstartsvedtaket i 2013 med kulturskole, bibliotek, frivillig sentral og erstatning for Soltun:</p> <p>Brutto prosjektkostnad (ca) Kr. 207 000 000,- Netto prosjektkostnad (ca) Kr. 128 000 000,-</p> <p>Driftskostnad: 3 016 100,- pr. år. 466 100,- meir enn alt. 1</p> <p>Det er gjort ei vurdering på energikostnadane for dei ulike alternativa for folkebad.</p> <p>For 2015 var det brukt ca. 500 000 (!) kWh for bassenget på Riksfjord. Det er da oppvarma ein til to gonger pr. veke i periodar for småbarn- og reumatikarbading.</p> <p>Berekningar(vurdering) av ekstern konsulent viser at denne utgifta vil bli langt mindre med eit nytt anlegg, sjølv om det blir valt eit større anlegg. Notat vil bli ettersendt om dette og gjennomgått på neste møte.</p> <p>FDV-kostnadane inneheld også andre kostnader enn energioppvarming som generelt vedlikehold og rengjøring.</p> <p>Andre tilhøve som vakthald vil også sjå på i første fase og under dette moglegheita for heve- og senkebotn.</p> <p>Det vart på møtet stilt spørsmål om framlagt prosjektkostnad for alternativ 1. Dette er same løysing/omfang som oppstartsvedtaket. Grunnen til auke i prosjektkostnad er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Prisstigning frå 2013 • Prosjektet var redusert i areal p.g.a. forventa utnytting av «gratis-areal» under basseng. • Det var nytta nettoareal frå romprogrammet og ikkje bruttoareal. (Bruttoareal er inklusive veggar +++) 		

Sak	Tekst	Ansv.	Frist
	<p><u>Kostnadsreduksjon</u> I det vidare arbeide med driftsplana og romskjema ynskjer likevel rådmannen å sjå nærare på potensiale for kostnadsreduksjon gjennom ei nøye vurdering av areal og sambruk.</p>		
KR-03.5	ANDRE SAKER		
	<p><u>03.5.1 Midlertidig løysing</u> Brukarane av bibliotek og Soltun vil stå utan lokale i to år frå bygget må rivast til nytt bygg står klart. Plan for dette utarbeidast. Eige prosjekt?</p> <p><u>03.5.2 Reguleringsplan</u> Reguleringsplanen for området må detaljerast. Arbeidet må startast snart.</p> <p><u>03.5.3 Finansiering på 10 mill. frå private</u> «Prosjekt i prosjektet» der Aukra Næringsforum er med, prosess i samarbeid med kulturavdelinga?</p> <p><u>03.5.4 Framdriftsplan</u> Overordna plan lagt fram. Ønske om å forsere om mogleg. Eige delprosjekt for grunnarbeid vurderast. Milepelar i framlagt plan:</p> <ul style="list-style-type: none"> • byggestart 2019 • ferdig bygg 2021 <p><u>03.5.5 Undervisningsrom for Flykningetjenesten</u> Innmeldt behov på 2 klasserom på ca. 50m2. Kan dette plasserast i kulturhuset og evt. sambruke areal med t. d. Kulturskulen?</p> <p><u>03.5.6 Periodisering/totaløkonomi</u> Rådmannen viser til vedtatt budsjett og økonomiplan. Forslag til revidert projektkostnad vil bli lagt fram på neste møte. 198 mill. brutto? (2017-kroner)</p> <p><u>03.5.7 Utleige av næringsareal</u> Medlemmer av KR er blitt kontakta ang. dette. Kan det bli aktuelt å sjå nærare på dette?</p>	<p>PA</p> <p>PA</p> <p>PL/BK</p> <p>PA</p> <p>PA/JEH</p> <p>PA/PL</p> <p>PA/IHR</p>	